

BARNETRYGD/KONTANTSTØTTE

Tilleggsblankett

ved krav om utbetaling av barnetrygd og/eller kontantstøtte på grunnlag av reglar om eksport etter EØS-avtala

Denne blanketten skal nyttast som tillegg til blankettane

– «Søknad om barnetrygd»

– «Krav om kontantstøtte til småbarnsforeldre»

ORIENTERING

Barnetrygd blir utbetalt i Noreg for alle barn under 18 år.

Kontantstøtte til småbarnsforeldre i Noreg gjeld for barn mellom eitt og tre år og for adoptivbarn som ikkje har byrja på skolen. Stønaden blir gitt i maksimalt 23 månader, og barnet må ikkje ha heiltids plass i barnehage med offentlig driftstilskott. For barn med deltids plass blir det gitt delvis kontantstøtte.

Retten til barnetrygd og kontantstøtte krev som hovudregel at barnet og den som tek imot ytinga, bur i Noreg. I visse høve kan desse ytingane utbetalast når barn og/eller foreldre bur i eit anna EØS-land.

Minst eitt av desse vilkåra må vere oppfylt:

- Ein av foreldra arbeider i Noreg eller på norsk kontinentalsokkel
- Ein av foreldra arbeider på skip som fører norsk flagg
- Ein av foreldra får pensjon frå Noreg på grunnlag av tidlegare yrkesaktivitet
- Ein av foreldra er medlem av norsk trygd under utføring av arbeid i eit anna EØS-land enn Noreg (for eksempel utsend arbeidstakar eller tenestemann)

I tillegg må

- barnet og den som søker om ytinga, vere statsborgar i eit EØS-land
- den som søker om ytinga, bu saman med barnet i dei periodane ho/han ikkje er i arbeid

Utsende arbeidstakarar til Noreg:

Arbeidstakarar som er utsende av arbeidsgivar i eit anna EØS-land til mellombels arbeid i Noreg, er som hovudregel medlem av trygdeordninga i det landet han/ho blir send ut frå. Dette skal dokumenterast av trygdekontoret i utsendarlandet ved EØS-blankett E-101. Blanketten skal sendast til NAV lokalt der arbeidstakaren bur i Noreg. I desse tilfella vil arbeidstakaren ikkje vere medlem i den norske trygdeordninga, og vil berre ha rett til norsk barnetrygd og kontantstøtte dersom familiemedlemmene skal bu i Noreg i minst 12 månader. Dersom ektefellen/sambuaren til den utsende tek seg arbeid i Noreg, vil han/ho bli medlem i den norske trygdeordninga og kan få rett til barnetrygd og kontantstøtte.

Retten til ytingar frå fleire EØS-land:

Dersom ein av foreldra arbeider i (eller får pensjon frå) eit anna EØS-land enn der familien bur, kan ein ha rett til barnetrygd og eventuelt kontantstøtte både frå arbeidslandet og frå heimstadlandet. I slike tilfelle blir ytingane koordinerte. Det vil seie at ein ikkje har rett til full yting frå begge landa, men at ein samla er sikra eit beløp som svarar til den høgaste ytinga.

TILLEGGSBANKETT VED KRAV OM UTBETALING AV BARNETRYGD OG/ELLER KONTANTSTØTTE PÅ GRUNNLAG AV REGLAR OM EKSPORT ETTER EØS-AVTALA

1 OPPLYSNINGAR OM DEG SJØLV (SØKJAREN)

Etternamn, fornamn	Fødselsdato (dag, månad, år)	Personnummer/identnummer
--------------------	------------------------------	--------------------------

2 OPPLYSNINGAR OM DEN ANDRE AV FORELDRA

Etternamn, fornamn	Fødselsdato (dag, månad, år)	Personnummer/identnummer
--------------------	------------------------------	--------------------------

3 OPPLYSNINGAR OM ARBEIDS- OG ELLER PENSJONSFORHOLD

Har du eller den andre av foreldra	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Dersom JA , gi nærare opplysningar i felt 5 nedanfor. Legg ved dokumentasjon/ stadfesting på arbeidsforholdet.
• arbeid i Noreg?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	
• arbeid på norsk kontinentalsokkel?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	
• arbeid på skip som fører norsk flagg?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	
• pensjon frå Noreg?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	
• arbeid i eit anna EØS-land enn Noreg som utsend arbeidstakar frå Noreg , og er fullt medlem i det norske trygdesystemet?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	
• arbeid i Noreg som utsend arbeidstakar frå anna EØS-land med E-blankett 101?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	

4 OPPHALDSSTAD

Gi opplysningar om opphaldsstaden for den perioden det blir søkt om barnetrygd og/eller kontantstøtte:		
Adresse	Postnummer og poststad	Land
Søkjaren		
Den andre forelderen		
Barnet/barna det blir søkt for		

5 TILLEGG SOPPLYSNINGAR

Gi tilleggsopplysningar her eller på eige ark.

6 KVA SLAGS STØNAD SØKJER DU OM

Søkjer du om:	Barnetrygd	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Kontantstøtte	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Kva periode søkjer du for?	Frå	Til (om sluttdato for arbeidsforholdet/opphaldet er kjend)				
Får du eller den andre av foreldra til barnet barnetrygd eller kontantstøtte frå Noreg?	Ja <input type="checkbox"/>	Barnetrygd	Nei <input type="checkbox"/>	Ja <input type="checkbox"/>	Kontantstøtte	Nei <input type="checkbox"/>
Dersom ja, kva for eit NAV lokalt får de ytinga frå?NAV lokalt						

7 ERKLÆRING OG UNDERSKRIFT

Eg stadfestar å ha lese orienteringa og er kjend med at mangelfulle eller feilaktige opplysningar kan medføre krav om tilbakebetaling av feilutbetalt stønad og/eller straff.

Stad	Dato	Underskrift	Ev. underskrift av den andre forelderen
------	------	-------------	---

Dersom du bur i Noreg, skal kravet sendast til NAV lokalt på heimstaden. Dersom familien mellombels bur i utlandet, skal kravet sendast til NAV lokalt i heimkommunen i Noreg. Dersom familien bur fast i utlandet og ikkje har anna tilknytning til Noreg enn gjennom for eksempel arbeid på norsk skip eller norsk kontinentalsokkel, skal kravet sendast: NAV Internasjonalt, Postboks 8138 Dep. 0033 OSLO, NOREG.